



Byggmester Knut Henanger AS
Mjåtveitstø 33A
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2165 - 19/21167

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

11.10.2019

Godkjenning - endring av løyve GBNR 10/45 - oppføring av gråsteinsmur Holme

Administrativt vedtak. Saknr: 247/2019

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad om endring etter Plan- og bygningslova § 20-1b) motteke 10.10.19 i Meland kommune. Opphavleg godkjenning vart gjeve i sak DS 268 /2017 den 06.10.17. Det vart søkt om planering av byggjegrup, opparbeiding av leikeplass, uteområde og oppføring av gråsteinsmur.

Søknaden gjeld oppføring av ny gråsteinsmur i grense mot gbnr 10/276,278. Muren er naudsyn pga. terrengtilpassinga. Det er redegjort av ansvarleg søkjar om at eigaren av gbnr 10/276 og 10/278 har samtykka til tiltaket for plassering av mur nærare grense enn 4 meter jf. pbl §29-4.



Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Øvre Holsbergstien – planid 125620140001 – definert som byggeområde for konsentrert småhus BKS_7 og leikeområde BLK_5.

Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Kommune vurderer endringar er i samsvar med plangrunnlaget og råka ikkje naboar sine interesser.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Gråsteinsmuren sine dimensjonar er vist på situasjonskart og teikningar, motteke 10.10.19. Tiltaket er ikkje i samsvar med Pbl § 29-4. Eigaren av gbnr 10/276 og 10/278 har samtykka til tiltaket for plassering av mur nærare grense enn 4 meter jf. pbl §29-4.

Administrasjonen har vurdert tiltaket til å vere i samsvar med reguleringsplan og har ingen merknader til søknaden.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova § 20-1 løyve til oppføring av gråsteinsmur på gbnr 10/45 ved felles grense mot gbnr 10/276 og gbnr 10/278, i samsvar med søknad motteke 10.10.19.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om endring av gitt tillatelse GBNR 10/45 - Endring i oppføring av gråsteinsmur

Vedlegg:

E-postmelding - Trong for fleire opplysningar gbnr 10/40 sak 17/2165og sak 14/3895

Kopi til:

Kvalitetshjem AS	Mjåtveitstø 33A	5918	FREKHAUG
------------------	-----------------	------	----------

Mottakarar:

Byggmester Knut Henanger AS	Mjåtveitstø 33A	5918	FREKHAUG
-----------------------------	-----------------	------	----------